

# Retningslinjer for rusførebyggande arbeid i vidaregåande skular

## Føremål

Føremålet med retningslinjene er å sikre at dei vidaregåande skulane i Hordaland arbeider aktivt og systematisk for å støtte elevar i å gjere gode val i høve rusmidlar som dei blir eksponerte for i den tida dei er elevar i vidaregående opplæring. Det betyr at dei skal få oppdatert kunnskap og vere med å utvikle førebyggande tiltak. Alle skulane ska ha ein kjentmann på skulen som kan rettleie ved behov, til dømes ved uro over eigen eller andre sin rusåfferd.

Retningslinjene skal vere ein del av skuleeigar sitt system for oppfølging av skulane sitt psykososiale læringsmiljø i tråd med krav i §9a i Opplæringslova og bidra til å sikre at:

- a. skulane kartlegg risiko og utfordringar knytt til rus på eigen skule
- b. skulane følgjer kartlegginga opp som eit ledd i det systematiske for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.

## Omfang

Retningslinjene gjeld alle dei vidaregåande skulane.

## Gjennomføring

1. Retningslinjer for rusførebyggande arbeid skal gå inn som del av skulen sitt overordna arbeid med å sikre eit godt og helsefremjande skolemiljø. Det er eit krav at skulane skal utarbeide handlingsplanar for å sikre eit godt psykososialt læringsmiljø i tråd med krava i Oppl. § 9a. Handlingsplanen er eit verktøy for å planleggje, registrere, halde oversyn og dokumentere arbeidet. Alle skular skal utarbeide mål og tiltak for rusførebygging som del av den lovpålagte handlingplanen for å sikre eit godt skolemiljø. Handlingsplanen skal evaluerast og rullerast årleg.
2. Mål og tiltak knytt til rusførebygging skal utarbeidast etter kartlegging av risiko og utfordringar, og dei skal følgjast opp systematisk.
3. Alle skular skal ha ein Kjentmann, og det er rektor sitt ansvar å avgjere kven som skal gå inn i rolla og delta i kompetanseheving.
4. Rektor har ansvar for å involvere skulehelsetenesta, Kjentmann ved skulen, tilsette og elevar i det rusførebyggande arbeidet.
5. Det er rektor sitt ansvar å gjere alle tilsette, elevar og foreldre/føresette kjent med det rusførebyggjande arbeidet.
6. Rusførebyggande tiltak bør omfatte skolering og relevant kompetanseheving av tilsette og elevar, samt vise korleis skulen vil samarbeide med eksterne aktørar og kompetansemiljø.

## Rapportering

I tråd med rutine for Systematisk arbeid med psykososialt skolemiljø – opplæringslova § 9a-4 og § 9a-3, første ledd, skal skulane årleg evaluere mål og tiltak i handlingsplan for eit godt psykososialt miljø. I rutinen står det: «Skulane skal ha skriftlege planar og rutinar, samt møtereferat frå skolemiljøutvalet.

Relevante resultat frå Elevundersøkinga og Undervisningsevalueringa vert vurdert i samband med skulen sin tilstandsrapport, jf. system for verksemdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skolane.»

Evaluering av rusførebyggande tiltak skal gå inn som del av den heilskaplege evalueringa av skulen sitt førebyggande arbeid for å skape eit godt skolemiljø. Sjekkliste til hjelp i internkontrollarbeidet ligg som dokument i kvalitetssystemet. Skuleeigar vil på grunnlag av skulane si eigenvurdering følge opp einskilde skular gjennom tilsynsbesøk etter rutine for tilsynsbesøk som ligg i kvalitetssystemet,

## Skjema:

Rettleiingsdokument til arbeid med handlingsplan

**Namn på dokument**  
Type dokument  
Hordaland fylkeskommune

Godkjend av:  
Godkjend dato:  
Revidert dato:

Utarbeidd av:  
Arkivsak:  
Side 2 av 2